

ÅRSMELDING

Handballgruppa


BERGSØY IL

SESONGEN 1995 - 96



ORGANISASJONSPLAN

BERGSØY IL HANDBALLGRUPPA



BERGSØY IL, HANDBALLGRUPPA

AKTIVITETSPLAN HAUST-95

CUPLOTTERI	VEKE 34/35	22.AUG.- 2.SEPTEMBER
LYNLOTTERI	VEKE 39	25. - 30.SEPTEMBER
BASARBØKER	VEKE 43/44/45	
MOTESHOW		8.NOVEMBER
LYNLOTTERI	VEKE 47	20. - 25.NOVEMBER
LYNLOTTERI	VEKE 50	11. - 16.DESEMBER

AKTIVITETSPLAN VÅR-96

LYNLOTTERI	VEKE 2	5. - 13.JANUAR
LYNLOTTERI	VEKE 6	29.JAN.-10.FEBRUAR
BASARBØKER	VEKE 9-11	
HANDBALLENS DAG		24.MARS
MOTESHOW		16.APRIL
SKULETURNERING		11.MAI

HANDLINGSPLAN HANDBALL 1995-96

ADMINISTRATIV MÅLSETJING

1. Organisasjonsplanen - betre administrasjon.
2. Oppretthalde/vidareutvikle aktiviteten i gruppa
3. God profilering av gruppa sitt arbeid
4. Driftsresultat i samsvar med vedteke budsjett
5. Styremedlem i Sunnmøre handballkrets

VERKEMIDLAR

1. Tillitsfolk til alle verv
Gi instruksinformasjon gjennom "gruppepermen"
Møteplan for styret og utvala - opparbeide faste rutinar
Betre ansvarsfordeling i styret og utvala
Gjere samarbeidet lystbetont

2. Vidareutvikle arrangementa våre
Vurdere ev. nye aktivitetar/tiltak
Vidareføre cuparbeidet

3. Auke bruken av lokalavisa
Referat og bilete av seriekampar i Vestlandsnytt
Lage eit godt handballprogram
Fribilletter til sponsorar
"Speaker" på seniorkampane
Fri adgang til kampar for aktive med treningsbevis

4. Streng rekneskapskontroll
Innkjøpsansvarleg
Betre gjennomføring av lotteria - "selje-plikt"
Vurdere nye dugnadstiltak
Kontraktskjema, økonomi, for seniorspelarar

5. Oppfordre tillitsfolk å vere med i kretsarbeid

SPORTSLEG MÅLSETJING

1. Eit herrelag i 3. divisjon
2. Eit damelag i 3. divisjon
3. Aldersbestemte lag, oppretthalde aktiviteten, nå ev. sluttspel
4. Rekruttering
5. Auke/betre trenarstallen
6. Eit nytt dommarpar pr. sesong
7. Oppmenn på alle lag

VERKEMIDLAR

- 1/2. Spelarkontrakt
Søkje treningsløyve hall, sommar/ev. andre feriar
Arrangere treningskampar
"Gjestetrenarar"
Spelarmøte

- 3/4. Brev til tidlegare aktive ved sesongstart
Handballinformasjon til skulane
"Gulrot" - delta på populære cupar
Skuleturnering - "handball inn i skulen"
Sosialt samvære for laga

5. Trenarforum
Trenarkurs, NHF sin handballskule
Trenarlønn - gi trenaren status
Tidlegare aktive - få dei attende i gruppa

6. Dommarane - ein viktig del av klubben
Dommarrettleiar
Dommarforum
Dommarkurs
Sende dommarane på cupar

7. Oppmannsforum
Oppmannsperm m. informasjon
Foreldremøte
Foreldregruppe på kvart lag

STYRET 1995 - 96

Leiar:	Astrid Jensen
Nestleiar:	Karl Sverre Moltumyr
Kasserar:	Rolf Hjelmeseth
Sekretær:	Solveig Smith Leine
	Linda M. Kvalsund (frå des. 95)
Leiar sportsleg utval:	Bodvar Kleiven
	Roar Aasen (frå febr. 96)
Leiar økonomiutval:	Anne Grete Nilsen
Leiar arrangementsutval:	Ellbjørg Eggesbø
Varamedlem:	Oddveig G. Rødseth
Varamedlem:	Svein Selvåg

Styret har i sesongen 01.05.95 til 01.05.96 hatt 11 styremøte og handsama 54 saker. Styret har administrert gruppa utfrå den godkjende handlingsplanen. Dei 3 utvala i gruppa har jobba med å utføre dei verkemidla som var oppsette, for å nå dei ulike mål gruppa vedtok i handlingsplanen.

HANDLINGSPLAN OG AKTIVITETSPLAN

Sjå lenger framme.

Styret meiner å ha nådd dei fleste av dei vedtekne måla i handlingsplanen og gjennomført dei vedtekne arrangementa i aktivitetsplanen. Vi har ikkje oppnådd eit driftresultat i samsvar med det vedtekne budsjettet. Fleire inntektspostar svikta, men vi oppnådde såvidt eit positivt driftsresultat, ved at kostnadene vart skorne ned.

Denne sesongen har vi også hatt litt vanskar med å få dei ulike utvala til å fungere etter organisasjonsplanen. Dette har styret jobba mykje med gjennom sesongen, og vi meiner organisasjonsplanen har fungert bra i siste del av driftsåret.

Vi har sidan nov.-95 vore administrerte av Region Midt-Norge, Trondheim. Ein del "fødselsvanskar" har det vore, men vi meiner ordninga er liv laga. Prøve-ordninga skal evaluerast, våren 1997.

Handballgruppa har delteke på desse klubbsamlingane:

06.03.96:	Styremøte med Harald Eidsaa, ny NHF-kontakt på kontoret i Ålesund
26.-27.04.96:	Regionalt møte i Trondheim
24.04.96:	Klubbmøte i Ålesund
25.04.96:	Klubbsamarbeidsmøte, "Ytre-søre", Hareid

ARSMELDING SPORTSLEG UTVAL

Leiar:	Bodvar Kleiven
Trenarkontakt:	Ruth Frøystad
Dommarkontakt:	Solveig Grønbech
Utviklingskontakt:	Martin Slåttelid
Materialforvaltar:	Kristin Leine

Sportsleg utval skal syte for god fagleg kontakt mellom trenarar, oppmenn, dommarar, spelarar og tillitsvalde som er i utvalet. Sportsleg utval skal og vurdere handballgruppa sin sportslege målsetjingsplan gjennom sesongen.

Sportsleg utval meiner å ha innfridd handballgruppa si sportslege målsetjing, trass i interne problem i utvalet. Vi fekk i gong arbeidet att, ved at leiar i handballgruppa gjekk inn ei tid som utvalsleiar.

Både herrelaget og damelaget oppnådde ein 4.plass i sin pulje i 3.divisjon. Når ein veit at damelaget måtte bruke J16-spelarar, for å kunne stille med stor nok spelarstall, er resultatet ekstra bra.

Vi har hatt 7 aldersbestemte lag med i regionsserien, eit lag meir enn sist sesong: J16, J14, J12, J11, J10, G12 og G16. Når det gjeld serieresultat, viser vi til tabelloversikta bak i årsmeldinga.

Denne sesongen sleit vi ekstra, før vi greidde å få trenarar til alle laga. Vi fekk starte opp, takka vere god innsats frå "gamle trenartravarar", som tok på seg fleire lag dei første vekene av sesongstart. Sportsleg utval kom med fleire "straks"-tiltak, som betre trenargodtgjerdsle, trenarforum, trenarkurs m.m.

Vi har også denne sesongen hatt ein flott gjeng "miniar", mellom 25-30 jenter og gutar i alderen 6-8 år. Her mangla vi og trenarar ved sesongstart. Men ved hjelp av fleire foreldre, fekk vi i stand ei svært fin "mini"-ordning. I løpet av sesongen vaks gruppa, både av ungar og av foreldre som ville hjelpe til.

Sportsleg utval bygde vidare på dette, og i mars-96 tok 9 personar aktivitetsleiarkurs. Kurset gjekk over 4 kveldar, og Ove Krumsvik frå Volda var ein dyktig kurshaldar.

Bergsøy har hatt 6 påmelde dommarar denne sesongem: Eivind Inge Leine, Morten Digernes, Antoni Vike Danielsen, Tor Christian Holmesland, Solveig Grønbech og Jan Erik Myrseth. Dei fleste av desse fekk prøve seg i 4.divisjon, senior. Morten var i militæret denne sesongen, der han dømde for Bergsøy.

Dommarane deltok på Rolloncup, Åndalsnescup og Skarbøvikcup.

Vi greidde også denne sesongen å få gode oppmenn på alle lag. Dette er eit viktig verkemiddel for å kunne oppnå god kontakt mellom klubb og foreldre/føresette. Ekstra positivt var det at fleire av oppmennene var villige til å halde fram neste sesong.

Det er og viktig at utvalet arrangerer oppmannsforum. Der kan ein drøfte ev. lagsproblem, og ein kan samarbeide om opplegg og tiltak for å skape eit godt lagsmiljø.

Eit av verkemidla i den sportslege målsetjinga var å delta på atraktive turneringar. Det å reise på cup er utviklande for eit lag, både sosialt og sportsleg. Dei aldersbestemte laga har vore på desse cupane:

J16 - : Conococup, i Trondheim

J11 - J10: Åndalsnescup, der Bekkelaget sitt damelag var på treningsleir og heldt seminar for dei yngste.

Elles starta sportsleg utval med førebuinga til haustens store cup-reise, "Tusenfryd-cup", som vi vedtok at vi skulle vere med på i august-96.

Region Midt-Norge satsa sterkt på rekruttering av gute-spelarar. Det er framleis eit ømt tema, og det til og med i regional samanheng. PROGUT heiter prosjektet, og alle delar av regionen har si PROGUT-gruppe. Terje Krogset er med i gruppa her på Sunnmøre.

Bergsøy søkte om PROGUT-midlar, og av desse midlane fekk vi hente heim frå Bergen Per Arve Kvalsund, i samband med skuleturneringa vår 11.mai 96.

Vi har fått ros frå regionskontoret i Trondheim, fordi vi er ein av få klubbar som greier arrangere skuleturneringar.

Seniorlaga har vore på desse cupane:
Kristiansundcup og Spjelkavikcup

Desse aldersbestemte spelarane har vore med på kretslaget J16:
Janne Remøy, Nina Remøy, Marthe Vike, Agathe Teige, Rita Valø.

Janne Remøy, Nina Remøy og Agathe Teige har delteke på regionale landslagssamlingar på Molde og i Ålesund.

Sportsleg utval takkar for seg denne sesongen.

Astrid Jensen

Bergsøy I.L.-Handballgruppa, økonomiutvalet

ÅRSMELDING

(01.05.95 - 30.04.96)

Økonomiutvalet har denne sesongen hatt 6 medlemmer.

Desse er:

Leiar: Anne Grete Nilsen

Kasserar: Rolf Hjelmeseth

Rekneskapsansvarleg: Stig Vestnes

Sponsoransvarleg: Jakob Haugen

Lotteriansvarleg: Signe Nysæter

Programansvarleg: Jens Morten Berge

Losseansvaret har oppmenn for senior, Bodil og Rune Notøy, hatt, med hjelp av Astrid Jensen og Rolf Hjelmeseth.

Økonomiutvalet har ansvaret for å skaffe midlar til drift av handballgruppa, føre rekneskap, lage budsjett (medansvar) og fylgje opp budsjettet.

Utvalet har i siste sesong hatt 4 møter.

Rekneskapsansvarleg legg fram perioderekneskap som vi går gjennom i fellesskap.

Sponsoransvarleg har skaffa 4 nye reklameskilt til hall + ein betalande utan skilt.

Astrid Jensen har skaffa draktsponsor.

Med unntak av 1/2 skilt (2000kr.) er all hallreklame betalt.

Annonse i programmet er betalte utanom 2. Ei heilside (1200kr) og ei halvside (700kr).

To lynlotteri og to tombola har vi hatt i år og fått inn ca.25000kr.

Skrapelodda frå NHF som skulle gje ei nettoinntekt på 35000kr vart tunge å selje. Vi enda på ca. 20000kr netto. Salet av SHK-lodda er ikkje avslutta, men vi reknar med å få inn mesteparten av dei pengane.

Når det gjeld lossing/dugnad har det vore lite aktivitet. Til neste sesong har vi to nye dugnadsansvarlege, så vi vonar det betrar seg.

Det trengst. Økonomien er svak.

Viser til rekneskap pr. 30.04.96.

Leiar i økonomiutvalet

Anne Grete Nilsen

ARSMELDING ARRANGEMENTSUTVALET

Leiar: Ellbjørg Eggesbø
Sekretariatansvarleg: Tor Andre Notøy
Cupansvarleg: Karl Sverre Moltumyr
Ansv. andre arr.ment: Astrid Jensen
Ansv. sos.arr.ment: Norunn Remøy

Arrangementsutvalet skal stå for teknisk gjennomføring av seriekampar og turneringar. Utvalet har og ansvaret for moteshowa og handballens dag. Utvalet må arbeide etter handballgruppa sin aktivitetsplan, i samsvar med gruppa sin handlingsplan og budsjett.

Leiar i arrangementsutvalet hadde ansvaret for å setje opp arbeidslister ved kamparrangementa i Herøyhallen, og arbeidsøktene vart delte mellom foreldra til dei aldersbestemte spelarane.

FORELDREGRUPPA

Denne gruppa har hatt ansvaret for kiosk- og billettsalet ved kamparrangementa. Gruppa har dessutan hatt ansvaret for kafesalet ved alle større arrangement i handballgruppa sin regi.

Desse har vore med: Guri Djupvik
Jofrid Slåttelid
Myrthel Kvalsund
Myrthel Emblem
Ann Iren Espeseth

UTVALET HAR ARRANGERT DESSE ARRANGEMENTA:

08.10.95:	Moteshow
24.03.96:	Handballens dag
16.04.96:	Moteshow
11.05.96:	Skuleturnering

Vi takkar for denne sesongen.

Helsing leiar i arrangementsutvalet

Ellbjørg Eggesbø

TAKK

Som leiar i handballgruppa vil eg rette ei stor takk til dei tillitsvalde i styret 1995/96. Vi hadde eit år med ein del interne problem, men ved å lyfte i flokk greidde vi å ordne opp.

Takk til alle tillitspersonar i dei ulike utvala for arbeidet de har lagt ned denne sesongen.

Takk til aktive, trenarar, oppmenn, foreldre og alle andre for det arbeidet de har vore med og utretta for handballgruppa.

Styret rettar og ei takk til alle andre støttespelarar som har vore med og hjelpt oss gjennom denne sesongen.

Takk til hovudstyret i Bergsøy IL for godt samarbeid.

Takk til Herøy kommune, Herøy kulturhus, forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes.

Takk til bankar og bedrifter som har gitt oss støtte.

Takk til heimepublikumet!

Eg vil til slutt ynskje det nye styret til lukke med den komande sesongen 1996/97.

Leinøy, den 21.05.96

Astrid Jensen

Astrid Jensen

SLUTT-RESULTAT

D3 avd. H

NTHI	22	19	1	2	449	-	332	+117	39
Stjerdals-Blink	22	18	0	4	523	-	377	+146	36
Lånke	22	16	2	4	532	-	406	+126	34
Bergsøy	22	10	2	10	480	-	465	+15	22
Sula	22	10	2	10	419	-	440	-21	22
Nidelv	22	10	1	11	438	-	482	-44	21
Surnadal	22	9	2	11	460	-	480	-20	20
National	22	8	3	11	392	-	405	-13	19
AVHI	22	8	1	13	453	-	478	-25	17
Sverresborg	22	6	3	13	381	-	453	-72	15
Elneøvågen	22	4	3	15	425	-	531	-106	11
Stranda	22	2	4	16	430	-	533	-103	8

Oppmann: Rune Notøy

Trenar: Tor Sindre Steinsvik

H3 avd. H

Rapp	16	16	0	0	487	-	286	+201	32
NTHI	16	13	0	3	490	-	297	+193	26
Trygg/Lade	16	11	0	5	425	-	325	+100	22
Bergsøy	16	8	1	7	369	-	356	+13	17
Kristiansund	16	8	1	7	390	-	397	-7	17
Tynset	16	7	2	7	423	-	422	+1	16
Gloppen	16	3	2	11	338	-	469	-131	8
Røros	16	2	0	14	299	-	479	-180	4
Haram	16	1	0	15	274	-	464	-190	2
Volda	Trukket								
Trondheim	Trukket								

Oppmann: Bodil Notøy

Trenar: Tor Sindre Steinsvik

Jenter 16

avd.B0

Spjelkavik	11	9	0	2	238 - 144	18
Bergsøy	10	8	0	2	227 - 148	16
Volda	9	6	1	2	156 - 118	13
Blindeheim	11	5	0	6	158 - 210	10
Valder	10	3	1	6	165 - 178	7
Rollon	10	2	0	8	116 - 185	4
Haram	9	1	0	8	105 - 182	2
Langevåg	Trukket					

Trenar: Ruth Frøystad Oppmann: Berit Skjelsvik

Jenter 14

avd.C0

Spjelkavik 2	19	19	0	0	374 - 158	38
Fiskerstrand	20	18	0	2	297 - 156	36
Haram	19	13	1	5	205 - 117	27
Blindeheim	20	13	1	6	256 - 193	27
Ørsta 2	20	11	4	5	273 - 226	26
Herd	20	12	1	7	178 - 196	25
Godøy	19	10	2	7	238 - 192	22
Hareid 2	21	7	3	11	204 - 258	17
Volda 2	20	6	2	12	219 - 260	14
Stranda	19	5	1	13	175 - 253	11
Bergsøy 2	22	4	1	17	252 - 362	9
Sabø	22	4	0	18	183 - 303	8
Hareid	19	0	0	19	118 - 298	0

Trenar: Silje Nørvåg Oppmann: Gerd R. Leine

Jenter 12

avd.2

Ørsta	16	14	2	0	132 - 72	30
Blindeheim 2	17	11	1	5	166 - 111	23
Rollon 2	16	11	1	4	124 - 80	23
Herd	14	9	0	5	101 - 85	18
Skarbøvik 2	15	7	1	7	106 - 102	15
Hareid	15	7	1	7	100 - 113	15
Volda	16	4	3	9	110 - 140	11
Sabø	15	5	0	10	106 - 122	10
Bergsøy	16	3	1	12	106 - 169	7
Mauseidvåg 2	16	1	2	13	80 - 137	4

Trenar: Ida Skjelsvik oppmann: Reidar Høle

Laila Berge

Blindeheim G11	14	10	2	2	163 - 101	22
Åndal	14	10	0	4	119 - 94	20
Ørsta G11	14	8	1	5	153 - 76	17
Ørsta	14	8	0	6	109 - 99	16
Bergsøy	13	5	1	7	75 - 90	11
Hødd	13	5	0	8	81 - 94	10
Blindeheim	14	5	0	9	108 - 127	10
Volda	12	1	0	11	26 - 153	2

Trenar: Marthe Vike Oppmann: Lena S. Jgesund

Gutter 16

avd.B5

Spjelkavik	12	12	0	0	308 - 161	24
Ørsta	13	7	1	5	256 - 213	15
Holde	10	6	0	4	250 - 193	12
Hareid	11	4	0	7	199 - 245	8
Bergsøy	13	4	0	9	235 - 324	8
Kristiansund	13	2	1	10	180 - 292	5
Volda					Trukket	

Trenar: Solveig Grønbech Oppmann: Bodvar Kleiver

Gutter 12

avd.1

Ørsta	12	11	0	1	163 - 85	22
Herd	14	7	3	4	138 - 113	17
Bergsøy	13	6	4	3	146 - 147	16
Stranda	13	5	1	7	142 - 141	11
Spjelkavik	14	3	2	9	121 - 171	8
Haram					Trukket	
Fiskerstrand					Trukket	

Trenar: Stig Vestnes Oppmann: Bente Storvik

J10 - ingen førde resultat

Trenar: Tor Andre Notøy Oppm. Åse Bendal Berge

Minihandball

Trenarar: Mette Vike Nerland, Anne Mari Kvalsvik,
Sølvi Mette Teige, Sigrid M. Moltu
Martin Slåttelid, Astrid Jensen

SPONSORSTØTTE

MEGA

REMØY TRADING

SPAREBANKEN MØRE

HERØY BÅTTRYGDELAG GJ.

REMØY MANAGEMENT

G-SPORT IGESUND

RIMI

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

BALANSE PR. 30.04.96


(01.05.95 - 30.04.96)

	Balanse pr. 30.04.96	Balanse pr. 30.04.95
EIENDELER		
Kontantbeholdning	0,00	3 143,00
Bankinnskott	29 315,90	33 588,47
Betalingsmidler	29 315,90	36 731,47
Kundefordringer	7 301,00	20 629,00
Forskotsbetalte kostnader	11 000,00	11 000,00
Kortsiktige fordringer	18 301,00	31 629,00
SUM EIENDELER	47 616,90	68 360,47
GJELD OG EGENKAPITAL		
Leverandørgjeld	36 773,70	57 528,14
Forskot fra sponsorer	0,00	8 700,00
Skyldig skatt og arb.giv.avgift	8 905,00	8 894,00
Påløpne kostnader	14 750,00	6 308,00
Kortsiktig gjeld	60 428,70	81 430,14
Egenkapital 01.05.	-13 069,67	-9 489,95
Underskot (-)/overskot (+) i sesongen	257,87	-3 579,72
Egenkapital pr. 30.04.96	-12 811,80	Pr.30.04.95 -13 069,67
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	47 616,90	68 360,47

6092 EGGESBØNES, 30.04.96
19.06.96




Rolf Hjelmeseth
Kasserar



Stig Vestnes
Regnskapsfører



Astrid Jensen
Leiar



Revisor

RESULTATREGNSKAP SESONGEN 95/96

	Regnskap 1.5.95-30.4.96	Budsjett 1.5.95-30.4.96	Avvik frå budsjett	Regnskap 1.5.94-30.4.95
Inntekter:				
Reisetilskot/treningsavg. handballmedl.	47 600,00	126 000	-78 400	35 300
Inntekter idrettsarrangement	87 737,00	105 000	-17 263	81 595
Inntektsbringande tiltak/arrangement	199 150,10	130 000	69 150	167 055
Reklame-/annonse- og sponsorinntekter	122 400,00	123 000	-600	106 010
Interne overføringer/-fordelingar	20 000,00	30 000	-10 000	20 000
Andre inntekter	1 500,00	2 500	-1 000	1 000
SUM INNTEKTER	478 387,10	516 500	-38 113	410 960
Kostnader:				
Deltakelse i andre stevner/samlinger	146 584,50	166 000	19 416	135 628
Egne stevner/arrangementer	97 753,50	110 000	12 247	89 599
Trening- og instruksjon Note 1	88 015,66	81 756	-6 260	79 775
Utdanning og kurs	4 100,00	10 000	5 900	4 953
Heimtaking og andre godtgj. til spelarar	19 184,00	20 000	816	17 550
Andre trenings- og behandlingsutgifter	17 597,20	17 000	-597	11 562
Andre driftskostnader -idrett/arrangement	4 060,50	5 500	1 440	5 494
Stevne og aktivtetskostnader	377 295,36	410 256	32 961	344 561
Møteutgifter	477,00	2 000	1 523	1 283
Administrasjonsutgifter	2 362,50	7 000	4 638	4 233
Informasjon	290,00	500	210	300
Markedsføringstiltak	4 110,47	3 000	-1 110	2 819
Administrasjon og markedsføring	7 239,97	12 500	5 260	8 635
Investerings-/vedlikehold i utstyr	1 875,00	0	-1 875	
Kontigenter/avgifter til forbund/kretser	37 200,00	32 700	-4 500	30 500
Utgifter ved inntektsbringande tiltak	43 167,40	47 500	4 333	20 086
Utg. ved reklame-, annonse og sponsoravtaler	10 950,00	11 000	50	10 125
Kont./avg. og utg. innt.bring.tiltak	91 317,40	91 200	-117	60 711
SUM DRIFTSKOSTNADER	477 727,73	513 956	36 228	413 907
DRIFTSRESULTAT	659,37	2 544	-1 885	-2 947
Netto finanskostnader	401,50	450	49	633
Underskot(-) overskot(+)	257,87	2 094	-1 836	-3 580

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

NOTER

Note 1 - Trening og instruksjon

Kontonr. Kontonavn

Regnskapssesong			Oppgavepliktig		
93/94	94/95	95/96	1994	1995	1996
11 500	29 909	29 530	19 500	21 909	31 909
2 833	1 975	4 975	1 387	1 300	2 825
12 200	12 000	10 700	0	0	0
12 175	8 410	13 790	9 615	3 145	6 270
26 627	16 892	19 224	23 017	3 688	12 847
0	2 116	582	0	0	0
8 900	2 682	5 828	5 379	191	1 636
1 393	3 186	3 148			
236	417	238			
	2 188	0			
75 864	79 775	88 016	58 898	30 233	55 487

* Beløp under grensen for oppgaveplikt.